Voss Musikkråd
Pb. 417
5702 Voss

# ÅRSMELDING
## for 2013

## Voss Musikkråd

Årsmøtet for driftsåret 2012 vart avvikla i Hålandshuset, i møtelokalet til Vossajazz, den 24 januar 2013.
Til stades: 12 personar var til stades på årsmøtet, det var medlemmer frå Voss Musikklag, Voss Skulemusikklag, Voss Spelemannslag, Voss Gymnas - musikklinja, Voss Folkehøgskule musikklina, Orkesteret Fossegrimen, Voss Bluesklubb, Voss Rockeklubb, Songkoret Bygdaklang og Voss Musikkråd.

Som vanleg opna leiaren møtet med å ynskja alle hjarteleg velkomne. Innkallinga og saklista vart godkjent utan merknader. Til møteleiar vart Brynjulv Norheim vald og som referent vart Øystein Dahl vald.

Årsmeldinga vart deretter handsama og leiaren gjekk igjennom den. Deretter vart det høve for dei frammøtte å stilla spørsmål eller kommentera meldinga. Årsmeldinga vart samrøystes godkjend.

Rekneskapen vart så lagt fram og kommentert av kasseraren. Deretter vart den godkjent utan merknader.

Valnemnda la deretter fram forslag til det nye styret m.m.som vart samrøystes godkjent.
Tillitsvalde har vore slik dette året:

Styret:
Leiar: Øystein Dahl
- Snialvur Joanesarson
- Kjartan Ringheim
- Aslak Himle
- Halvard Bjørgo

Vara:
- 1. Tor Erik Bye
- 2. Lajla Selland
- 3. Lillian Hjelmeland

1.vara skal verta kalla inn til styremøter.

VMR sine råmevilkår og oppgåver i høve til kommunen er kraftig redusert. Styreleiar har hatt møte med kommunalsjef for miljø og kultur, og i desember var det møte med styret i VMR og kommunalsjefen der dette har vore drøfta. Det er gjeve klår melding om at rolla til VMR som høyringsorgan for kommunen i rådet sitt saksfelt vert overførd til kulturrådet med verknad straks. Dette inneberer også at VMR ikkje lenger innstiller til fordeling av kommunale midlar til VMR sine medlemmer. Kultursjefen vil i det vidare forhalda seg til kulturrådet.

Med dette utgangspunktet, og ut frå føresegnene våre, meiner styret at VMR må drøfta sin framtidige funksjon.

Som rekneskapen viser er den økonomiske stoda til VMR særs vanskeleg. Dette var også tema på styret sitt møte med kultursjefen i desember, med særleg fokus på drift av friluftscena. Årlege driftskostnader går ikkje saman med inntektene, og kommunen sin haldning til VMR får også direkte verknad med reduserte økonomiske overføringar til drifta.

Den viktigaste saka i 2014 vert difor å sikra den økonomiske drifta av friluftscena. Styret meiner å ha dekning for at scena er eit samarbeidsprosjekt mellom kommunen og VMR ut frå felles interesser under planleggjinga og byggjinga. Det må difor finnast ein felles løysing. Så langt synest ikkje kommunen å dela dette synet.

VMR har ikkje lenger ein viktig medverknad som formidlar mellom medlemmene og kommunen, m.a. ved innstilling til fordeling av kommunale tilskott. Styret meiner difor at det bør leggjast opp til ein drøfting med medlemmene om rådet sin vidare funksjon.

Voss 18.01.2014

Styret i Voss musikkråd